

Avklaring av grunnlag for vidareføring i utviklingsprosjektet Kystpilegrimsleia over i ein ny fase

Det vert vist til notat datert 24.04.18 frå NPS, der NPS viser til at dei oppfattar at : «det vidare arbeidet med Kystpilegrimsleia får ei eiga myndeline beståande av arbeidsgruppe-styringsgruppe-fylkeskommune» og at dei har teke avgjerd om å: «sjå arbeidsgruppe-styringsgruppe-fylkeskommune som eit regionalt pilegrimsenter». NPS vil ikkje sjølv ta del i denne myndelina, og ber om at ein representant for fylkeskommunane delteke på NPS sine forummøte med dei regionale pilegrimssentra.

Kommentar: Prosjektet Kystpilegrimsleia har ikkje problem med å skjønne at NPS ynskjer at organiseringa av kystpilegrimsleia skal vere på line med eksisterande pilegrimsarbeid, det vil seie at NPS fordeler statlege tilskot til pilegrimssentra, og tek ansvar for det overordna arbeidet med forvaltninga av det nasjonale pilegrimsarbeidet.

Prosjektet Kystpilegrimsleia kan sjølv sagt ikkje gripe inn i vedtaksprosessar i NPS, men vi kjenner otte for at NPS her forskoterer ein organisasjon (regionalt pilegrimssenter for kysten) som ikkje er på plass før utviklingsprosjektet kystpilegrimsleia over i ein ny fase, er avslutta og overlevert i 2019.

Fylkeskommunane kan ikkje ta på seg ein sjølvstendig rolle som utøver av ein mynde som ikkje er vedteke og formalisert. Dessutan meiner prosjektet at tettare koplingar og samarbeid rundt utviklingsarbeidet som ligg framføre oss i høve til utviklinga av den nasjonale pilegrimssatsinga, har mykje å vinne på ein meir omforeint arbeidsmetodikk. Vårt forslag er difor:

- Det vert inngått ein samarbeidsavtale mellom utviklingsprosjektet Kystpilegrimsleia over i ein ny fase og NPS.
- I samarbeidsavtalen inngår det at intern tilsett i NPS kan inngå som prosjektleiar/ressurs for utviklingsarbeidet, herunder koordinering mot fylkeskommunane
- Det er naturleg at arbeidsstaden vert NPS, og at ein samarbeidsavtale regulerer økonomiske tilhøve ved dette.

Vi trur at inngåing av ein slik avtale betre vil kunne handtere dei utfordringane som innkopporering av det maritime pilegrimsarbeidet inneber, både organisasjonsmessig, strategisk og med omsyn til tydelegheit i høve til utgreiing av den nasjonale pilegrimssatsinga som skal ligge føre i 2019.

Rett handtert, basert på opne kommunikasjonslinjer og på tettare samarbeid, trur vi at dette utviklingsarbeidet vil kunne tene innsikt, organisasjon og framtidig berekraft for det nasjonale pilegrimsarbeidet.

Vi ser også at det vil vere naturleg at kystpilegrimsleia deltek på forummøte i regi av NPS, men då som observatør m/talerett.

Framlegg til vedtak:

Styringsgruppa ser på tettare koplingar mellom det regionale og statlege nivået som ein suksessfaktor i utvikling av pilegrimssatstinga i Norge. Ut frå dette vil styringsgruppa sterkt rå til at det vert inngått ein samarbeidsavtale, slik det er skissert over, mellom prosjektet Kystpilegrimsleia og NPS. Plattforma for samarbeidet ligg i den myndelina som er trekt opp. Målet med samarbeidsavtalen er å styrke aktørsamarbeidet på ein slik måte at heilskapen i forvaltning og prosjektutviklinga kjem prosjekteigarane og det nasjonale nivået til gode.